



der namnet Hogstock. På den tida vart me meir ambisiøse, og ynskte å invitera andre band med. Eg hadde jobba med booking for Hulen i Bergen, under studietida, og fekk bruk for den erfaringa, fortel Norheim.

Etter kvart flytta festivalen til Bryne Mølle, og vart eit todagarsarrangement. Som tidlegare er Svenssen eitt av namna på plakaten, og spelar fredag kveld.

– Eigentleg ikkje optimalt, sidan ein har mange andre tankar i hovudet i høve til arrangementet. Og så må ein omstilla seg, vera mest mogleg konsentrert om å spela konsert. På den andre sida kjem jo fleire publikummarar til, seier bassisten.

Endra smak

Etter kvart som Omund vaks frå mopedalderen, gjekk musikkpreferansane i ulike retningar. Punken fascinerte, og Iggy Pop vart eit av idola. På 90-talet blei han, som mange andre, gripen av grungeen, i dei tider då Nirvana erobra musikkverda. Sidan har interessa gått i retning av både blues, jazz, metal og 60-talsrock, sistnemnde

er då òg mykje av Svenssens lyd-bilete.

– Ein bør ikkje låsa seg i ein bestemt sjanger, meiner bassisten frå Norheim, som i dag har det svenske folk-psykedeliske bandet Dungen som ein av sine favorittar.

Liverpool har ikkje berre fanga han gjennom musikken, men òg fotballen, og saman med Bryne FK er dei heilraude frå Nord-England favorittlaget. Litteraturinteressa dyrkar han både gjennom studiet og fritida, og han har nett kjempa og knausa seg gjennom dei to fyrste binda av Min Kamp.

Høns

Ein oppvekst på gard var likevel med på å gjeva Omund Norheim ei heilt anna interesse, som han derimot ikkje held vedlike i dag. I 10-12-årsalderen var han nemleg ivrig innan hønseoppdrett, med noko av den same gjengen som han jamma med.

– Me fekk tak i egg, ruga ut kylingar og selde vidare, var med i Norsk Rasefjæreforbund og reiste rundt på stemne. Me drog ned snittalderen der ein del, kan ein seia. Eg var jo frå gard, så eg tykte

Festivalar på vår storleik er nøydde til å vera pragmatiske.

det var spanande å kryssa artar og liknande, fortel 32-åringen.

Han kom likevel til eit vegskilje i høve til den hobbyen.

– Eg fann vel ut at det var kulare å halda på med musikk enn å vera «han som heldt på med hønene», seier Norheim med eit smil.

Kunst

Kulturinteressa strekkjer seg lenger enn berre musikken og litteraturen, og i årets Ranglerock freistar arrangørane å sjå om det gjeld òg for dei besøkande, etter som ei kunstutstilling er ein del av tilbodet.

– Musikktilfanget er såpass breidt at eg trur mange av publikummarane er opne for kunst òg. Festivalivet er sosialt, og perfekt for ei slik blanding. Andre festivalar har gjort liknande grep, Bygdelarm i Øystese har litterære ting på dagtid, til dømes, seier den bookingansvarlege.

Festivalen prøvde noko liknande for tre år sidan, og no gjer dei altså eit nytt forsøk.

Nøkternt

Nokon draum om å gjera musikkarkariere på heiltid har ikkje Omund Norheim. Meir har det gått i retning av det organisatoriske, gjennom å booka band. Eit puslespel, både praktisk, men òg økonomisk.

– Festivalar på vår storleik er nøydde til å vera pragmatiske. Me vil ha størst mogleg namn, men kan ikkje få dei aller største artistane. Ofte har det vist seg at festivalar går på trynet økonomisk når ein betaler det vesle ekstra, som ein eigentleg ikkje har råd til, viser han til.

Uansett artistar er den årlege ranglinga eit høgdepunkt for mange, både publikummarar og dei involverte.

– Ein veldig kjekk gjeng å jobba saman med. Ranglerock er òg ei sosial storhending, både for meg og mange andre. Til dømes kjem mange av dei eg studerte saman med i Bergen hit til Bryne den helga, seier Omund Norheim.